

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes  
Lindås kommunestyre  
Lindås formannskap

Gilde Dykk!

### **Sak: Trong for offentleg kai på Vikanes**

#### **HISTORISK BAKGRUNN**

Vikanes var i tidlegare tider eit fjordsenter for trafikk/ferdsle/næring i indre Osterfjorden, og ferdsselsruter gjekk sjøvegs mot Voss like inn til Bolstad. Her møttest farande i ymse ærend til og frå Bergen og omlandet kring Vestlandshovudstaden. Til langt utpå 1960-talet kom du berre til og frå bygda med rutebåt/båt. Her var ei framifrå hamn med gode kaitilhøve; dampskipskai, og seinare også ferjekai, fleire private kaiar for fraktebåtar/sandfartøy, mekanisk verkstad med kai og ventekai for ekstraferje. Sjølvsagt fanst her også butikkar, post og telefon. Her var også bunkringstilbod med diesel og vatn. Vår, sommar og haust var her eit rikt silde- og brislingfiske som hadde trong for alle dei tenester som bygda gav tilbod om.

Bygda har eiga kyrkje og soknestova, og nytt grendahus, innvigd 15. mai 1976, og desse er viktige trivselsfaktorar i grenda og utgangspunkt for eit vidt spekter av sosial aktivitet.



**Bilete av Vikanes frå 1906**

#### **SAMARBEID OG MILJØ**

Det har alltid vore eit tett samarbeid mellom alle gardane og busetnaden elles på indre Osterøy, Padøy, Storholmen, Haukøy, Vikaholmen og tettstaden Vikanes. Dette samarbeidet må ivaretakast og utviklast vidare for å ta vare på heilskapen i miljøet for Vikanes og bygdene i indre Osterfjorden. Her må det gjerast noko straks, for elles kan staden lett berre verta eit historisk fjordsenter.

#### **EI FJORDPERLE**

Området her er unikt; Osterfjorden endrar seg her til ein stad der fjell møter fjord med øyar og holmar, vikar og sund. Grenda har vi sett omtala som ei fjordperle der reisande, til sjøs og til lands, både før og no, har stoppa opp for å nyta naturen og stilla her inne, eller ta med foto frå dette spesielle fjordlandskapet. Faktisk driv no Rødne Cruise turistfedsle på fjorden året rundt. Turistføretak har kome med spørsmål

om korrespondanse her mellom buss og båt, men kan ikkje få positive tilbakemeldingar så lenge her ikkje er offentleg kai.

***Eit kommunalt engasjement i saka vår, kan gjera sitt til at området og strandsona her inne framstår som ein heilskap med fokus på landskaps- og miljøtilpassing. Med nytt offentleg kaianlegg vil og "såra" etter vegbygginga på 1960-talet verta dempa. Bygda vil få eit nytt "andlet", og ny og interessant aktivitet kan utløysast.***

#### SAMFUNNSUTVIKLINGA I NYARE TID

Men samfunnsutviklinga har ikkje berre vore til det beste for bygda.

Dei siste åra, og særleg frå årsskiftet 2009/ 2010, har det skjedd ei rekke lokale samfunnsmessige endringar på Vikanes som har ført til vanskar for alle som har trong for ilandstigningskai på staden. Dette gjeld for gardsbruk, fritidshushus og hytter på Padøy, Haukøy, Vikaholmen, Storholmen og Osterøy (gardane Toen, Heimvik, Askilnes, Stokken og Furnes).

Ferjekai og tidlegare dampskipskai er selde. Butikken nedlagt frå 01.12.2009 så bruken av dette kaianlegget med moglegheiter for ilandstigning og levering av varer/gods er ikkje sjølv sagt lenger.

#### KVARDAGEN TIL "ØYFOLKET" I INDRE OSTERFJORDEN

Dei "offentlege områda" er såleis blitt kraftig innskrenka, og dette har gjort folket her usikre på kva tilgang Lindås kommunen meiner dei som bur eller har feriehus på øyane i indre Osterfjord, skal ha til fastlandet. Dette kan ikkje synast spesielt rart i ei bygd der øybuarane i snart 120 år heilt sjølv sagt har kunna lagt båtane sine til lands på fastlandet. Dei har dei same rettar og plikter som andre innbyggjarar i kommunen, og difor bør løysinga av desse vanskane vera ei felles oppgåve for kommune, øyfolket og busetnaden på Vikanes.

Korleis skal dei elles få levert varer og gods som skal fraktast med båt til og frå, kvar kan dei leggje båtane sine når dei har ærend på fastlandet, ærend til kommunesenteret eller er på arbeid?



Alt boss skal også fraktast til hyttecontainar på Vikanes, og tronen for kai er større enn nokon gong når nærmeste daglegvarehandel ligg på Ostereidet.

***Vikanes har alltid vore eit knutepunkt for båtferdsla i Indre Osterfjorden. Bilete frå slutten av 1920-talet.***

I godt over 100 år har det vore passasjertrafikk og godstransport over kai på Vikanes. (Det er i år 100 år sidan bygda fekk sin eigen skule på Urdal, og mange skuleborn måtte skyssast til og frå kai på Vikanes.) Denne ferdsla slutta ikkje då rutebåt, og ferje slutta å gå. Hordaland fylkeskommune har no i mange år sytt for båttransport av folk og gods/skuleskyss/postførsle til og frå dei veglause grendene i området.

Denne ferdsla i indre Osterfjorden er heilt eineståande i kommunen, og heilt avgjerande for dei fastbuande her, og for alle andre som er avhengige av å koma til og frå eigedommane sine. Rett nok finst her mange som har fritidsbustader eller hytter i bygda, og kommunen har hevda at det er ingen "menneskerett" å ha desse, men for grenda her er dette viktig, for elles hadde her vore endå meir attgroing og hus til nedfalls og "øydegardane" hadde lege tett.

***Vi meiner det er viktig at Lindås kommune engasjerer seg her og tek ansvaret for planlegging/tilretteleggjring og bygging av offentleg kai og gjestekai, og tilrettelegg for båtlag som kan legge ut flytebryggjer for småbåtar.***

Miljøet i bygda er tidlegare omtala, og heldigvis er det endå god aktivitet tilknytta Vike kyrkje, Borgstova og Vikanes grendahus. Dei fleste reisande med skyssbåten har Vikanes som utgangspunkt. Tidvis er her difor trangt om parkering, og trangen for fleire parkeringsplassar må også Lindås kommune vurdera.

#### AKTIVITETEN TIL LOKAL INTERESSEGRUPPE

Truleg har einskildpersonar i bygda her teke kontakt med politikarar, etatar eller administrasjon i Lindås kommune og sagt frå om at noverande situasjon ikkje er teneleg, men no prøver vi som ei interessegruppe å ta tak i situasjonen for å kome fram til ei god løysing for alle. Like før jul 2014 tok vi som eit første steg på vegen, kontakt pr. telefon med Arnold Matre, og der konkluderte vi med at vi først må ha eit uformelt møte med dykk på kommunehuset i Knarvik der vi informerer om problemstillingar og ønskjeleg løysing. Møtet vart halde tidleg i mai 2015. Der møtte vi eining for teknisk drift, eining for areal og miljø og eining for eigedom. Konklusjonen var at ei førebels løysing for off. kai måtte på plass snarast, og alle skulle vera "velkomne til lands på Vikanes".

Seinare har vi hatt nye møte med Eining for teknisk drift og eit møte med Ordførar Astrid Aarhus Byrknes og Ståle Hauge (29.06.17). Frå Interessegruppa har vi sendt

fleire skriv til Lindås kommune, og Wollert Bjørndal har teikna skisse av anlegget, og Lindås kommune har grovkalkulert anlegget.



***Bilete frå 1950-talet syner ei bygd der ein hadde det som då var viktig: kyrkje, borgstova, butikkar, arbeidsplassar og variert utval av kaiar/landningsplassar***

## LINDÅS KOMMUNE SITT ANSVAR

Det nærmar seg no fire år sidan vi først tok kontakt

**Ber no om at Lindås kommune tek tak i saka vår med planlegging vidare for bygging av offentleg kai og løyvingar så denne kan byggjast. Vidare at tiltaket vert utforma slik at det lett kan knytast til flytebryggje for mindre båtar og gjesteplassar for båtfarande.**

Lindås kommune målber seg som heradet der "Draumar vert røyndom". No vonar me alle på at nokre smålåtne "draumar vert røyndom" også for folket aust for Eikefettunnellen.

Med vennleg helsing

*Wollert Bjørndal*

*Tore Heimvik*

*Johannes Padøy*

*Håkon Haukøy*

*Øystein Padøy*


*Malvin Toft*

*Jostein Vike*

Kontaktperson: Håkon Haukøy,  
6953 Leirvik i Sogn

Telefon 57788276 el. 41323975

E-post: [hakon.magnus.haukoy@enivest.net](mailto:hakon.magnus.haukoy@enivest.net)



**Bilete frå tidleg 1960-tal. Strandsona her viser frå ende til anna kor viktig tenelege landingstilhøve er!**

**Vedlegg: Skisse av offentleg kai, teikna av Wollert Bjørndal**